

Dato : 25.02.2005
Vår ref. : 2005/00105-JSM
Dykkar ref.. : /
Sakshandsamar : Jorunn Sætre Miljeteig
Direkte tlf. : 53 49 13 41
E-post : jorunn.miljeteig@hsh.no

Utdannings- og forskningsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Høyring – Strategiar for digitale læringsressursar

Syner til brev frå UFD datert 06.012005, ref.nr. 200500144.

Saka har vore til handsaming ved avdeling for lærarutdanning og vedlagt fylgjer deira høyringsfråsegn.

Med venleg helsing

Rune Jørgensen
direktør

Høyring – Strategiar for digitale læringsressursar

Frå HSH si side har ein konsentrert vurderinga kring dokumentet **Strategi for digitale læringsressursar i høgre utdanning 2005 – 2008**.

Dokumentet har etter vår meining ei grei oppbygging, med deling i ein status-omtale og ein visjons-del for stoda i 2008.

Dagens situasjon

Denne delen er i godt samsvar med vår oppfatning av stoda på bakgrunn av HSH si sterke involvering i arbeidet med IKT i læringssamanheng i dei siste 20 åra. I nokre av avsnitta kan me sjå grunnar til å vera litt meir positiv til fortida/status og visa til initiativ som har vore vellykka. Dette gjeld t.d.

Liten grad av samarbeid (s.7)

- der HSH har vore ein av eksponentane for det motsette, t.d. gjennom *NITOL*-prosjektet (sidan 1994!) og etablering av NVU som nett legg opp til det nemnde samarbeidet med utvikling av fleksible, nettbaserte kurs i stort omfang, og i samarbeidet om *LærerIKT*. Me er samde i at interessa har til dels vore for liten, men ho har likevel vore tydeleg i nokre høve. Kan henda kan det i første setninga modererast til '*varierende interesse for samarbeid*' og seinare i avsnittet at der er *nokre institusjonar* (dette tilfellet HSH, HiA, NTNU og HiST-miljø) *som har samarbeidd godt* over fleire(10) år. (sjølvsagt utan å nemna namn!)

Manglande tilgang og gjenbruk (s.7)

Her er me samde i at det er for lite av dette, men også her har det vore initiativ og tilløp til slik aktivitet, t.d. i det nyleg avslutta SOFF/NUV-prosjektet om *Kompetanseutvikling for lærarutdannarar* (IKT i læremateriell og FoU), der materiell utvikla ved 4 institusjonar blir lagt ut på Internett for fri bruk i alle LU-miljø (sjå: <http://munin.hsh.no/lu/inf/NU/>). Kunngjering og tilgjengeleggjering av utvikla materiell har svikta, samle-portalar har vore for dårlege og for lite nytta.

Eitt av hovudproblema er manglande vilje til gjenbruk av det andre miljø har laga. Tradisjonen mellom undervisningspersonalet om å avvise alt "*not developed here*" materiell, er ei viktig hindring. *Delingskulturen* må ha minst to interesserte partar, både utviklar og mottakar.

Ønskt situasjon i 2008

Innleiingsscenariet kjenner me godt att som visjonar sette fram i fleire norske (t.d. NITOL) og internasjonale prosjekt (t.d. MENU, <http://www.hsh.no/menu>). Framlegga til tiltak er i godt samsvar med våre tankar og har vår fulle støtte. Nokre få innspel følgjer.

1.2 Digitale mapper

Kjent problemstilling for oss som har nytta dette systemet i fleire år. Har hatt og ser framtidige problem med oppbevaring av student-mapper 'til evig tid' på institusjonen sitt data-system. Det krev stor kapasitet og konstant vedlikehald. Trur det må inn ei tidsavgrensing på institusjonane sine plikter her, t.d. 1 eller 2 (eller maks 5 år!) etter at studenten har avslutta si utdanning. Etter den tid er det eit personleg ansvar å ta vare på si eiga digitale mappe (gjerne på ein offentleg database).

2.1 & 2.2. Merit & kompetanse

Desse to punkta støttar me frå HSH si side fullt ut. Svært viktig for personalet å få dette formalisert. Truleg bør det registrerast i eit system tilsvarande 'Forskdok' som i dag gjeld anna forskingsarbeid - og telja med i institusjonen sitt grunnlag for rapportering.

Tiltaksområde 3, 4 og 5

Alle dei nemnde tiltaka er gode og positive. Men der manglar kan henda ei enno sterkare presisering av tiltak - og økonomi - for *vedlikehald og oppdatering* av dei digitale lærings-

ressursane. Til no har det ikkje fungert med kommersielle system; dei vert for dyre for brei bruk ved institusjonane, og har berre fungert innan spesielle FoU-prosjekt. Samarbeidsprosjekt, både nasjonale og internasjonale, har me svært positive erfaringar med. Det har vore stor velvilje for vidareutvikling av tiltak som er sette i gong. Men økonomi og støtte har vore vanskeleg å finna for å fullføra påbegynte FoU-tiltak. Dei føreslåtte summane (i 4.2 og 4.5) kan vera eit godt steg på vegen. Me ser fram til at flest mogleg av dei oppsette tiltaka blir realisert.